



Månadsbrev oktober 2019

Overnattingsturen regna vekk, så turen blir utpå våren, men alle klassar har snart gjennomført haustsamling med ulike kjekke aktivitetar, og alle foreldremøte er i hamn. Elevane er godt i gang med læring og ulike aktivitetar som nasjonale prøver, MOT, trivselsleiar og kulturell skulesekk. Det verkar lenge sidan, men me er framleis svært nøgde med utbyggingsvedtaket, og elevane syntest UngData-konferansen og svara der var interessante. Elles er det kjekt å lesa, noko som viste att på diplomfesten for Sommarles 2019 og på 5.-7. klasse sitt arbeid med Narnia-boka og lesevaka.

Visma Flyt Skule fungerer greitt, men sjekk at rett e-post m.m. er lagt inn. Det var ikkje alle som fekk svart på spørjeundersøkinga om prøveordning med skulemat på grunn av dette, så har de gløymt det, er ny frist 3. oktober. Vil de nytta høvet til å hjelpa forskarar frå NLA Høgskolen og Barnevakten om barn sitt mediabruk, kan de gjera det samstundes. Det er frivillig, men vil du delta, finn du linken på heimesida.

På grunn av haustferien i veke 41, vart det oktobermorgonsamling 30. september. 3. og 4. klasse tok for seg diskriminering, det sosiale målet "Vera imøtekomande og setja ord på egne kjensler, opplevingar og meiningar" og refleksbruk. 1. og 5. klasse fekk høvesvis refleksvest og -krage frå Sira-Kvina kraftselskap, for nå er det tid for å visa godt att på veg til skulen og elles når det mørknar. Alle må bruka refleks etter haustferien, jf. avgjerd i Sinnes SU nokre år attende.



Det blir konstitueringsmøte i SU (samarbeidsutvalet) og SMU (skulemiljøutvalet) 4. oktober, og frå FAU møter leiar Karine Tjørhom Myhra og nestleiar Helin Morel, medan Svein Rune Skilhand møter i SMU. Siri Fidjeland er sekretær i FAU.

Rett etter haustferien ber det austover til Väike-Maarja Gümnaasium for ungdomsskulen, tre fedre og tre lærarar 14.-17. oktober. Og så er det fridag fredag 18., for då skal skule, barnehage og helse ha planleggingsdag om "Frå uro til handling i BTI" med KoRus - Sør (Kompetansesenter rus). Dermed blir det onsdagsskule 16. oktober, og 21. oktober skal 9. klasse ha MOT på Tonstad frå 11.30 og ut dagen. 24. oktober markerer me SN-dagen på Sinnes som vanleg, og den kan godt vera inspirert av eit svært interessant ASP-net-seminar om verdsarvområdet Notodden og Rjukan industri-arv. Hausten går fort, så 30. oktober vert det foreldrekonferansar for mellom- og ungdomstrinnet.



Sinnes 01.10.19, *Ase-Berit* (rektor)